


Flagget



Flagget er laga av den samiske kunstnaren Astrid Båhl. Ho såg på samane som søner og døtrer av sola.

Den raude halvsirkelen på flagget viser til sola.
Den blå halvsirkelen viser til månen.

Flagget har fire fargar: raud, blå, grøn og gul.
Desse fargane er vanlege på samiske folkedrakter.
Fargane symboliserer kjærleik, vatn, natur og sola.

Midt på flagget er det ein sirkel.
Den fortel at samefolket held saman.

Det samiske flagget er felles for alle samar.

Spørsmål til teksten

1. Kva fargar har det samiske flagget?

2. Kva tyder dei fire fargane i det samiske flagget?

3. Kva fortel sirkelen midt på flagget?

4. Kven brukar det samiske flagget?
